

Jamfør liste

Dykkar ref	Vår ref	Dato
	14/2907	27.06.2014

Høyring - endring av forskrifter om eigendel og refusjon for vaksenpsykiatrisk poliklinisk verksemd og poliklinisk tverrfagleg spesialisert handsaming av rusmiddelavhengnad

Vedlagd fylgjer utkast til høyringsnotat om endring av *forskrift om godtgjørelse av utgifter til helsehjelp som utføres poliklinisk ved statlige helseinstitusjoner og ved helseinstitusjoner som mottar driftstilskudd fra regionale helseforetak* (FOR-2007-12-19-1761), og *forskrift om egenandelstak 1* (FOR-1997-4-18-334).

Endringsarbeidet er grunna i ein konkret og nyleg framkomen uklårleik kring tolkinga av regelverket for eigendels- og refusjonsfinansieringa av vaksenpsykiatrisk poliklinisk verksemd og poliklinisk tverrfagleg spesialisert handsaming av rusmiddelavhengnad. For å tryggja forutbereknelegdom for pasientar og profesjonelle aktørar, og einsarta praksis i samsvar med Stortinget sin intensjon, vil Helse- og omsorgsdepartementet med dette taka føre ei avgrensa regulering, presisering og opprydding i forskriftsverket for eigendels- og refusjonsfinansieringa innanfor ovanfor nemnde polikliniske verksemd.

Då dette forskriftsarbeidet er grunna i ein konkret trøng etter presisering innanfor vaksenpsykiatrisk poliklinisk verksemd og poliklinisk tverrfagleg spesialisert handsaming av rusmiddelavhengnad, vil berre avgrensa endringar verta føreslegne no. Helsedirektoratet vil verta bedne om å gjennomgå regelverket for somatisk poliklinisk verksemd, og vurdere om det er vidare trøng for endring.

Me bed om eventuelle innspel innan fredag 8. august 2014. Ved spørjemål kontakt: Christian

Sohlberg på tlf.: 909 94 445.

Med vennleg helsing

Cathrine Dammen
Cathrine Dammen (e.f.)
avdelingsdirektør

Ingrid Husom
Ingrid Husom
rådgjevar